




Stord I med Skorpo som bakgrunn torsdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

#### Ein kan bli nostalgisk av mindre:

**Torsdag ettermiddag passerte Stord I Uskedalen med veteranbåtentusiast og uskedeling Harald Sætre om bord og "gamle dampen" let høyra frå seg! Mange vona at den skulle leggja til ved Sandakaien, men den forsvann utover fjorden.**

Uskedalen.no har bedt Sætre om ei forklåring og her kjem ho:



Ein detalj frå det arbeidet som Hardanger Fartøyvernssenter har gjort sist vinter: Gang og nedgang til 1. plass salong på hovud-dekket. Det er gjort eit framifrå arbeid. (Foto: Harald Sætre)

- Vi kom frå Hardanger fartøyvernssenter i Norheimsund. Der har båten lege dei siste fire månadene. Fartøyvernssenteret har rekonstruert første plass damesalong og første plass røykjesalong frå 1913 då båten var ny.

Vi var undervegs til Bergen. Der skal båten på slipp på måndag for reingjering og botnsmørjing. I september går han attende til Norheimsund for vidare innreing av salongen og lugarer.

Men i sommar vil Stord I liggja ved Holbergskaiene i Bergen der så mange HSD-båtar har lege før opp gjennom tidene.



Stord I og Granvin foran Bryggen i Bergen

Men det også planar om å gå einskilde turar til Sunnhordland og Hardanger.

Ellers vil eg opplysa at vi i samband med restaureringa har motteke fleire gamle gjenstandar frå Sunnhordland og Hardanger som har høyrte til dei gamle fjordabåtane.

Her kan eg trekkja fram uskedelingen Jan Henrik Hansen, som i fleire år var maskinist i HSD. Han har gjeve tre gamle dekkstolar til Stord I. noko vi er svært takksame for. Stolane går rett inn i det gamle miljøet på 1. plass. Dei kan også brukast som mal når det skal lagast fleire stolar.

Vi er også på jakt etter gamle foto av fjordabåtane og kaimiljø frå eldre tider.

Så langt Sætre.

Så kanskje kan uskedelingane ha von om eit "strandhogg" ved Sandakaien ein annan gong denne sommaren? Å koma ombord og sjå nærare på det som no er skjedd med Stord I hadde utan tvil vore ei stor oppleving for mange.

DS Stord I vart bygd for HSD i 1913 og gjekk i rutefart fram til 1969, dei siste åra som reserveskip. Fartsområdet var fjordane mellom Bergen og Stavanger, i Hardanger og Sunnhordland.

Veteransklaget Fjordabåten overtok båten i 1981 etter at han i fleire år hadde lege som losjiskip i Oslo. Fram til våren 1987 vart det utført ei omfattande restaurering, mellom anna installering av dampmaskineri. Diverre vart båten sterkt skadd under ein brann 14 dagar etter prøveturen i mai 1987. I august 2005 kunne Stord I atter gå for eiga dampmaskin. Det er gjort ein imponerende innsats med restaureringa.

Av Ola Matti Mathisen



Då Stord I passerte Uskedalen torsdag tok Harald Sætre dette biletet